



# Personalforsikringer

for ansatte i Sogn og Fjordane

Fylkeskommune

Willis

## Gode medarbeider

Brosjyren gjev eit oversyn over personalforsikringane.

Han er ikkje uttømmende i alle detaljar. Sjølve avtalen med dei til ei kvar tid gjeldande vilkår, finn du hos institusjonsleiaren din og hos den forsikringsansvarlege ved Forvaltningsavdelinga, personalseksjonen i sentraladministrasjonen på Hermansverk.

Ved eit forsikringsoppgjær legg ein avtalen og forsikringsvilkåra til grunn.

Vi har i slutten på brosjyren lagt vekt på å gje ulike døme på utbetaling av erstatningar som denne forsikringsordninga vil gje.

- **Merk:**

I dei fleste tilfelle vert erstatningane målte i høve til grunnbeløpet i folketrygda. Ved siste justering, **01.05.04**, vart grunnbeløpet sett til **kr 58.778**.

**Grunnbeløpet** er forkorta til **G** i brosjyren.

- **Ved skade:**

Gje melding til institusjonsleiar dersom du har fått ein skade. Institusjonsleiar sender naudsynte skjema til forsikringsmeklar. Personalseksjonen kan gje utfyllande informasjon om personalforsikringane.

### De forsikringene som din arbeidsgiver har tegnet for deg er:

- Yrkesskadeforsikring - KLP
- Gruppelivsforsikring - KLP
- Fritidsforsikring - KLP
- Tenestereiseforsikring - Europeiske

**Dette er forsikringar som gjev eingongserstatningar**

## Ord og uttrykk i forsikring

### **Hovudtariffavtalen, statleg tariffområde:**

Gjeld for pedagogisk personale i undervisningssektoren.

### **Hovudtariffavtalen, kommunalt tariffområde:**

Gjeld for andre tilsette i fylkeskommunen.

### **Ervervsuførleik:**

Heilt eller delvis varig tap av evna til inntektsgjevande arbeid.

### **Ervervserstatning:**

Erstatning vert gjeve på grunnlag av varig ervervsuførleik hos den forsikra.

### **Medisinsk invaliditet:**

Varig skade/lyte av medisinsk art. Treng ikkje å påverke arbeidsevna til den tilsette. (Sjå Sosialdepartementets invaliditetstabell).

### **Meinerstatning:**

Vert ytt på grunnlag av medisinsk invaliditet, og skal gje erstatning for redusert "livskvalitet", dvs. erstatning for "ikkje økonomisk skade".

### **Ulukskade:**

Skade på kroppen, der årsaka ligg i ei plutseleg ytre hending som skjer i forsikringstida

### **Lov om yrkesskade:**

Arbeidsgjevar har forsikring som gjev deg erstatning ved skade og sjukdom som er påført i arbeid på arbeidsstaden i arbeidstida.

### Yrkesskedeforsikringa skal dekke:

- Skade og sjukdom grunna arbeidsulukke (yrkesskade)
- Skade og sjukdom som i samsvar med folketrygdlova er likestilt med yrkesskade.
- Annan skade og sjukdom, dersom han skuldast påverknad frå skadelege stoff eller arbeidsprosessar.  
Belastningslidingar vert ikkje rekna som yrkesskade/yrkessjukdom.

### **Barn:**

Den forsikra sine egne barn, stebarn og adoptivbarn.

### **Forsørgjar:**

Tilsette som er gifte, har sambuar eller har forsørgjarplikt som gjer at den tilsette vert likna i klasse II, eller har rett til særfrådrag i likninga.

### **Med sambuar meiner ein:**

- a) Person som den forsikra bur saman med i ekteskapsliknande forhold, og at det i folkeregisteret går fram at sambuaren har hatt same bustad som den forsikra dei siste 2 åra.
- b) Person som har felles bustad og felles barn med den forsikra. Dette gjeld likevel ikkje dersom det på det tidspunktet forsikringstilfellet oppstod, låg føre forhold som var til hinder for at lovleg ekteskap/registererte partnerskap kunne vore inngåtte.

## Personalforsikring

Forsikringane gjev full erstatning til pedagogisk personale i høve Hovudtariffavtalen, statleg tariffområde, §§ 23 og 24. For andre tilsette i fylkeskommunen gjeld Hovudtariffavtalen, kommunalt tariffområde, §§ 10 og 11. For alle tilsette gjeld Lov om yrkesskadeforsikring. Forsikringane gjev i hovudtrekk følgjande erstatningar:

- Ervervsersatning
- Meinerstatning
- Erstatning ved død

## Yrkesskadeforsikring

### Erstatning ved ervervsuførleik:

Tap av framtidig inntekt. Storleiken på erstatninga er avhengig av graden av varig uførleik og pensjonsgjevande inntekt.

### **Ved 100% ervervsuførleik vert grunnerstatningen fastsett slik:**

Inntekt tom.	7G	gjev grunnerstatning på	22G
Over 7G tom.	8G	"	24G
Over 8G tom.	9G	"	26G
Over 9G tom.	10G	"	28G
Over	10G	"	30G

Det vert gjeve tillegg for personar under 45 år.  
Personar over 46 år får reduksjon i erstatninga.

### Tabell 1)

#### Erstatning ved 100% ervervsuførleik

**Inntektsintervall :**  
0 – kr. 411.446  
tom . 7 G

**Inntektsintervall :**  
kr.411.446 – kr.470.224  
7G – 8G

**Inntektsintervall :**  
Over kr 587.780  
Over 10G

<u>Alder</u>	<u>G</u>	<u>Kroner</u>	<u>G</u>	<u>Kroner</u>	<u>G</u>	<u>Kroner</u>
25	35,20	2.068.986	38,40	2.257.075	48,00	2.821.344
30	32,45	1.907.346	35,40	2.080.741	44,25	2.600.926
35	29,70	1.745.706	32,40	1.904.407	40,50	2.380.509
40	25,85	1.519.411	28,20	1.657.540	35,25	2.071.924
45	22,00	1.293.116	24,00	1.410.672	30,00	1.763.340
50	17,60	1.034.493	19,20	1.128.538	24,00	1.410.672
55	15,00	881.670	15,00	881.670	16,50	969.837
60	15,00	881.670	15,00	881.670	15,00	881.670
65	15,00	881.670	15,00	881.670	15,00	881.670

Dersom du etter Lov om yrkesskadeforsikring vil få mindre enn 15G ved 100% ervervsuførleik, vert du sikra 15G etter §24 i Hovudtariffavtalen, statleg tariffområde, eller etter § 11 i Hovudtariffavtalen, kommunalt tariffområde.

### Direkte reise mellom heim og jobb:

For tilsette som kjem inn under §23 i Hovudtariffavtalen, statleg tariffområde, eller § 11 i Hovudtariffavtalen, kommunalt tariffområde, gjeld også følgjande:  
Ved ervervsuførleik på 100% som følgje av skade ved ulukke på direkte reise mellom heim og jobb eller på tenestereise, vert det utbetalt 15G uavhengig av alder.

### Erstatning ved medisinsk invaliditet:

Meinerstatning vert gjeve ved varig medisinsk invaliditet uavhengig av ervervs-  
evne og inntekt. Ved varig medisinsk invaliditet på minst 15% som følgje av  
Yrkesskade eller yrkessjukdom, får ein meinerstatning på følgjande måte:

## Tabell 2)

### Erstatning ved 100% medisinsk invaliditet \*)

<u>Alder</u>	<u>G</u>	<u>Kroner</u>
25	6,30	370.301
30	5,85	343.851
35	5,40	317.401
40	4,95	290.951
45	4,50	264.501
50	4,14	243.341
55	3,69	216.891
60	3,24	190.441
65	2,79	163,991

### Hovudtariffavtalen garanterer følgjande minimumserstatningar :

<u>Invaliditetsgrad</u>	<u>G</u>	<u>Kroner</u>
15 - 30%	1,0	58.778
30 - 70%	2,0	117.556
Over 70%	3,0	176.334

\*) Det vert gjeve eit tillegg for tilsette under 45 år, og reduksjon i erstatninga for personar over 46 år.

Graden av invaliditet er avhengig av kor sterkt vedkomande er skada og vert fastsett på grunnlag av invaliditetstabellen til Sosialdepartementet

### Direkte reise mellom heim og jobb:

For tilsette som kjem inn under §24 i Hovudtariffavtalen, statleg tariffområde, eller § 11 i Hovudtariffavtalen, kommunalt tariffområde, gjeld også følgjande:  
Ved medisinsk invaliditetsgrad på 100% som følgje av skade ved ulukke på direkte reise mellom heim og jobb eller på tenestereise, vert det utbetalt 3G uavhengig av alder.

### Erstatning ved død:

Erstatning utbetalt ved død som følgje av yrkesskade eller yrkessjukdom:

- |    |  |       |
|----|--|-------|
| a) | Erstatning for gravferdskostnader:       | 0,5G  |
| b) | Erstatning til ektefelle eller sambuar : | 15,0G |

For kvart år avdøde var over 46 år, vert erstatninga redusert med 5%, likevel ikkje med meir enn 80% totalt. Sjå tabell 3.

### Tabell 3)

#### Erstatning til ektefelle/sambuar ved død som følgje av yrkesskade eller yrkessjukdom :

Alder	G	Kroner
25	15,00	881.670
30	15,00	881.670
35	15,00	881.670
40	15,00	881.670
45	15,00	881.670
50	12,00	705.336
55	8,25	484.918
60	4,50	264.501
65	3,00	176.334

#### c) Barnetillegg, pr. barn: 6,5G

Dersom den tilsette etterlet seg barn under 20 år, vert det utbetalt barnetillegg. Erstatninga vert rekna ut særskild for kvart barn og vert fastsett på grunnlag av alderen på barna då den tilsette døydde. Dersom den tilsette var eineforsørgjar, vert det utbetalt dobbelt barnetillegg. Sjå tabell 4.

### Tabell 4)

#### Erstatning til etterlatne barn ved død som følgje av yrkesskade/yrkessjukdom :

Alder på barnet då forsyteren døydde	G	Kroner
Under 1 år	6,5	382.057
1 og 2 år	6,0	352.668
3 år	5,5	323.279
4 og 5 år	5,0	293.890
6 år	4,5	264.501
7 og 8 år	4,0	235.112
9 og 10 år	3,5	205.723
11 år	3,0	176.334
12 og 13 år	2,5	146.945
14 og 15 år	2,0	117.556
16 og 17 år	1,5	88.167
18 og 19 år	1,0	58.778

Dei etterlatne som er definerte i Hovudtariffavtalen § 10.4, kommunalt tariffområde, vil samla vere sikra minimum 18G. Dette er inklusive erstatninga frå Gruppelivsforsikringa og under føresetnad av at den tilsette hadde 32 timar eller meir som arbeidsveke. Hovudtariffavtalen § 24, statleg tariffområde, sikrar dei etterlatne også minimum 18G. Det er full erstatning uavhengig av stillingsbrøk.

### **Andre erstatningar:**

I tillegg yter ein desse erstatningane ved yrkesskade/yrkessjukdom:

- Tapt inntekt fram til dato for oppgjer.
- Påførte utgifter som eigendelar, medisiner o.l. fram til dato for oppgjer.
- Framtidige meirutgifter.

Erstatningssummen vert fastsett individuelt. Dersom trygdekontoret godkjenner ein skade som yrkesskade, vil det lokale trygdekontoret refundere dokumenterte utgifter til behandling som følgje av skaden. Ta difor kontakt med trygdekontoret ditt ved slike utgifter.

Dersom du likevel ikkje skulle få refundert alle utgiftene dine frå folketrygda, kan du søkje om dekking av dei påførte utgiftene frå forsikringsselskapet. Ved direkte reise mellom heim og jobb vert utgiftene til behandling dekte etter reglane i § 11, kommunalt tariffområde, eller § 24, statleg tariffområde.

# Fritidsforsikring

Denne forsikringa gjev erstatning ved varig medisinsk invaliditet, ervervsmessig uførleik eller ved død som følgje av ulukke i fritida.

## Forsikringssummar:

Død:	15G	kr. ( 881.670 )
Medisinsk invaliditet	3G	kr. ( 167.334 )
Ervervsmessig uførleik	15G	kr. ( 881.670 )

Erstatning ved varig medisinsk invaliditet vert fastsett i høve til den graden av invaliditet ein reknar som den endelege. Det same gjeld erstatning ved varig ervervsmessig uførleik. Utbetaling av erstatning frå 15% varig medisinsk invaliditet.

I tillegg vert utgifter til behandling innan 2 år frå skadedagen dekkja med inntil 1G (kr 58.778 )

Dette gjelder m.a. utgifter til:

- Lege og tannlege
- Forbindingssaker føreskrivne av lege eller tannlege
- Protesar
- Behandling og opphald på sjukehus
- Fysikalsk behandling føreskrive av lege
- Reise til og frå heimstaden for behandling som er nemnt ovanfor.  
Erstatninga vert avgrensa til utgifter til rimelegaste transportmiddel når ein tek omsyn til tilstanden til den forsikra.

Utgifter til opphald eller behandling i private sjukehus eller hos Privatpraktiserande lege utan offentleg driftstilskot vert ikkje erstatta - heller ikkje opphald på hotell, rekonvalesentheim e.l.

Ved behandlingsutgifter er eigendelen på kr 1.000.



## Gruppelivsforsikring

### For pedagogisk personell og andre fylkeskommunalt tilsette:

Forsikringa dekkjer erstatning ved død, utan omsyn til årsak, for tilsette som vert omfatta av Hovudtariffavtalen for statleg og kommunalt tariffområde. Tilsette som er forsyttarar og under 51 år med ei arbeidsveke på minst 32 timar, er forsikra for 10G.

Erstatninga vert utbetalt som ein eingongssum til dei etterlatne. Etter 51 år vert erstatningssummen redusert som vist i tabell 5.

### Tabell 5)

#### Erstatning til etterlatne når den tilsette døyr :

Den tilsette sin alder	Antall G	Kroner
Tom.50	10,00G	587.780
51	9,5G	558.391
52	9,0G	529.002
53	8,5G	499.613
54	8,0G	470.224
55	7,5G	440.835
56	7,0G	411.446
57	6,5G	382.057
58	6,0G	352.668
59	5,5G	323,279
60 og over	5,0G	293.890

#### **Kommunalt tariffområde**

For deltidstilsette som har ei arbeidsveke på mindre enn 32 timar, vert erstatning utbetalt forsyttarar i høve til storleiken på stillinga, men minst 2G. For tilsette som etter §10 i Hovudtariffavtalen ikkje er forsyttarar, vert forsikringssummen 1,5 x månadsløna. Lærlingar vert dekte med eit eingongsbeløp tilsvarande 50% av erstatninga omtalt ovanfor.

#### **Statleg tariffområde:**

For pedagogisk personell vert det utbetalt full erstatning uansett stillingsbrøk. Erstatninga er avhengig av den tilsette sin alder, sjå tabell overfor.

For tilsette som etter § 23 ikkje er forsyttarar, vert forsikringssummen 2 G.

Lærlingar er dekket med eit eingongsbeløp tilsvarande 50% av erstatninga omtalt ovanfor.

#### **Kven vert forsikringa utbetalt til:**

- a) ektefelle eller registrert partnar etter partnerskapslova
- b) heterofil/homofil sambuar.

**c)** barn under 20 år (kommunalt tariffområde), 25 år (statleg tariffområde). Barna skal ha utbetalt minst 40% av erstatninga sjølv om det er ektefelle/registrert partner eller heterofil/homofil sambuar.

**d)** andre personar som for det vesentlege vert forsørgja av arbeidstakaren.

## Forsikring når du sluttar i fylkeskommunen

Når du sluttar i fylkeskommunen, går du automatisk ut av forsikringsordninga til fylkeskommunen. Du har likevel rett til å fortsette på individuell basis med gruppelivsforsikringa, utan å gje helseerklæring, med opp til same forsikringssum og forsikringstid som du var forsikra for som tilsett i fylkeskommunen. Denne retten gjeld i 6 månader etter at du har slutta i fylkeskommunen. Ta kontakt med institusjonsleiar eller personalavdelinga på Hermansverk dersom du ønskjer nærare informasjon om ei slik forsikring.

## Forsikring ved permisjon

**1)** Permisjon med løn (fødselspermisjon med vidare):

Du er med i fritidsforsikringa og gruppelivsforsikringa.

**2)** Permisjon utan løn:

**a** Dersom du er i anna løna arbeid er du ikkje omfatta av forsikringane.

**b** Ved omsorgspermisjon, utdanningspermisjon med vidare, gjeld forsikringa i 2 år frå du starta permisjonen.

## Tenestereiseforsikring

Gjeld for alle tilsette og folkevalde på tenestereiser. Forsikringa gjeld også på korte dagsreiser utan overnatting.

Forsikringa gjeld over heile verda under opphald og reiser med vanlege samferdselsmiddel.

Forsikringa gjev deg rett til å krevje erstatning ved plutslege og uforutsette hendingar i samband med:

- Tjuveri og skade på reisegods	kr. 20.000
- Tjuveri av arbeidsgjevar sine effektar	kr 15.000
- Sjukdom som oppstår på reise	Ubegrensa sum
- Heimtransport	Ubegrensa sum
- Ansvar som ein privatperson kan kome i	kr. 4.000.000
- Avbestilling	kr. 25.000

Det er ingen eigendel ved skade.

## Frist for melding av skade

yrkesskadeforsikring	3 år
skade på veg til/frå arbeid	1 år
fritidsulukke	1 år
tenestereise (reisegods og reisesjuke)	1 år

Fristen vert rekna frå tidspunktet skadde fekk kunnskap om verknadene av skaden, som gjer det mogeleg for vedkomande å grunngje eit krav.

## Døme på utbetaling av erstatninga

### Døme 1:

#### Ervervsuførleik p.g.a. arbeidsulukke

Mann 45 år, inntekt kr 190.000. Mannen vert 100% ervervsufør og 50% medisinsk invalid på grunn av ei arbeidsulukke. Kor stor vert erstatninga til mannen?

Medisinsk invaliditet (tabell 2)	2,25G	kr.132.250
Ervervsuførleik (tabell 1)	22,0G	kr. 1.293.116
<b>Sum erstatning</b>	<b>24,25G</b>	<b>kr. 1.293.248</b>

### Døme 2:

#### Død p.g.a. arbeidsulukke

Kvinne 35 år, inntekt kr 170.000, gift, to barn 4 og 6 år gamle. Tilsett i 100% stilling.

Kvinna døyr p.g.a. ei arbeidsulukke. Kor stor vert erstatninga til dei etterlatne ?

#### **Etter Lov om yrkesskade**

Til gravferdsutgifter	0,5G	kr. 29.389
Erstatning til ektefelle (tabell 3)	15,0G	kr. 881.670
Erstatning til barn 4 år (tabell 4)	5,0G	kr. 293.890
Erstatning til barn 6 år (tabell 4)	4,5G	kr. 264.501
<b>Sum erstatning</b>	<b>25,0G</b>	<b>kr. 1.469.450</b>

### Døme 3:

#### **Medisinsk invaliditet p.g.a. fritidsulukke**

Mann 45 år, inntekt kr 190.000. Mannen vert 100% medisinsk invalid p.g.a. ei ulukke i fritida, men er elles 100% arbeidsfør. Kor stor vert erstatninga til mannen ?

<b>Frå fritidsforsikringa</b>	<b>3,0G</b>	<b>kr. 176.334</b>
-------------------------------	-------------	--------------------

### Døme 4:

#### **Død p.g.a. fritidsulukke**

Kvinne 45 år, døyr p.g.a. ei ulukke i fritida, tilsett i heil stilling. Ho etterlet seg ektemann, men ikkje barn. Kor stor vert erstatninga til ektemannen hennar?

Frå fritidsforsikringa	15,0G	kr. 881.670
------------------------	-------	-------------

**Sum erstatning 15,0G kr. 881.670**

**Døme 5:**

**Ervervsuførleik p.g.a. anna sjukdom enn yrkessjukdom**

Mann 50 år får hjarteinfarkt. Han overlever, men vert erklært varig ervervsufør. Kor stor vert erstatninga til mannen?

Det vert inga eingongserstatning i dette tilfelle, men han vil etter alt å dømme ha rett til uførepensjon frå KLP/SP/Folketrygda.

**Døme 6.1:**

**Død p.g.a. anna sjukdom enn yrkessjukdom**

Mann 50 år, kommunalt tariffområde, tilsett i 60% stilling, får hjarteinfarkt og døyr. Han etterlet seg ektefelle, men ikkje barn. Kor stor vert erstatninga til ektefellen?

**Frå gruppelivsforsikringa (tabell 5) 60% av 10,0G kr 352.668**

**Døme 6.2:**

**Død p.g.a. anna sjukdom enn yrkessjukdom**

Mann 50 år, statleg tariffområde, tilsett i 60% stilling, får hjarteinfarkt og døyr. Han etterlet seg ektefelle, men ikkje barn. Kor stor vert erstatninga til ektefellen ?

**Frå gruppelivsforsikringa (tabell 5) 100% av 10,0G kr 587.780**

**Døme 6.3:**

**Dødsfall p.g.a. anna sjukdom enn yrkessjukdom**

Kvinne 50 år, får hjarteinfarkt og døyr. Ho har 100% stilling. Ho etterlet seg eit barn på 19 år. Kor stor vert erstatninga?

**Frå gruppelivsforsikringa (tabell 5): 10,0 x G= kr 587.780**

## Dine private forsikringer

For fleire av oss er det behov for å teikne eigne forsikringer i tillegg til dei forsikringane vi har gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette er avhengig av familiesituasjonen og bør vurderast i kvart einskild tilfelle. Likevel er det nokre spørsmål som dei fleste bør stille seg:

- Kva for forsikringar og kva for pensjon har ektefellen/sambuaren ?
- Har du forsikring gjennom fagforeininga eller andre foreiningar ?
- Er familien i etableringsfasen og har tyngjande gjeld, bør du vurdere tilleggsforsikringi ditt private forsikringsselskap.

Ta elles kontakt med forsikringsselskapet for ei drøfting.

Willis

Willis